

## #45

<b>Emnekode / Course code</b>	MEVI 104
<b>Emnetittel / Course title</b>	Retorikk og strategisk kommunikasjon
<b>Semester</b>	Vår 2+22
<b>Emneansvarlig / Course coordinator</b>	John Magnus Dahl
<b>Sist evaluert (semester / år) / Last evaluation (semester / year)</b>	2018

### **Hva er emnets undervisnings- og vurderingsform? / What are the teaching methods and forms of assessment used in the course?**

Undervising skjer i form av førelesingar, seminarundervising der sentrale teoretiske omgrep blir diskutert, praktiske oppgåver (kronikkworkshop og taleworkshop), og obligatoriske kortvarsoppgåver i forkant av dei flere førelsingane.

Vurderingsform er mappeevaluering, der studentane leverer eit praktisk retorisk produkt, t.d. ein kronikk, ein reklamefilm eller ei brosjyre, og ein rapport der dei analyserer eige arbeid og forklarer kvifor dei gjennomførte det slik dei gjorde. Vurderingsformas nærmeste parallel er kunstnarisk utviklingsarbeid slik det blir gjort på t.d. KMD. Ein kan levele åleine eller i grupper på to.

### **Oppfølging fra tidligere evalueringer / Follow up from previous evaluations**

Det har blitt arbeidd med å knytte den teoretiske og den

Kurset heiter retorikk og strategisk kommunikasjon, og emneansvarleg i 2018 vinkla kurset meir mot generell kommunikasjonsteori og strategisk kommunikasjon, har noverande emneansvarleg vinkla kurset attende til retorikken, då eg tolka at det elles blei for sprikande og uklart. Dette bør ein følgje opp vidare og endre pensum tilsvarande, og dessutan vurdere å fjerne "strategisk kommunikasjon" frå namnet.

Tidlegare kunne ein skrive eksamen i større grupper, og førre evaluering peika på at grupper på to bør vere maksimum. Det er no gjennomført.

Førre evaluering peika på at ein treng tiltak for å få studentane til å lese pensum. Det har blitt gjort då obligatorisk quiz etter førelsing har blitt erstatta med kortvarsoppgåver før førelsing, der den relevante litteraturen må bli nytta aktivt. Dette har ført til auka lesing av pensum, synleg i form av beståtte kortvarsoppgåver der ein må drøfte.

<b>Evalueringstilfelle(er) / Form of evaluation</b>	Skjemaker
---	-----------

### **Sammendrag av studentene sin evaluering / Summarize the results from the student evaluation**

Det er særslig studentar som har svart på evaluering - har aldri opplevd så få svar på eit så stort kurs (5 respondenter, 100 oppmeldte). Både dei praktiske oppgåvene, seminara og kortvarsoppgåvene får gode tilbakemeldingar og studentane stadfester at det er eit insentiv til å lese pensum.

Studentene reagerer på arbeidsmengden, og også på at eksamenen er for open og for lang (rapporten skal vere på 6000 ord)

### **Emneansvarligens evaluering / The course coordinator's evaluation**

Kommentarar om arbeidsmengde bør bli forstått i samanheng med kva studentene er van til av obligatoriske krav frå andre MEVI-kurs - den er ikkje særleg stor samanlikna med arbeidstida ein er forventa ein skal legge ned for 15 studiepoeng.

### **Mål for neste evalueringstiltak? / Goals for the next evaluation period - what can be improved?**

Den totale arbeidsmengda er for stor - ikkje for studentane, men for emneansvarleg og faglærarar. Ein bør kutte ned lengda på den obligatoriske rapporten. I tillegg bør ein vurdere å gjøre det om til ein reell mappeinnlevering, der

studentane kan velje anten kronikken eller talen som sin eksamenstekst som dei deretter skriv rapport om. Dette vil ha pedagogiske fordelar, då ein faktisk kan jobbe tett under rettleiing med å kombinere teori og praksis gjennom semesteret, og gjere det meir gjennomførbart med god rettleiing frå både emneansvarleg og seminarleiarar. Det vil også bli oppfatta som meir overkommeleg for studentane, då dei ikkje treng finne opp eit nytt tema på det som er eit tidleg stadium i studieløpet deira.

---